



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 05.11.2020
Møtestad: Fjernmøte
Møtetid: 16:00 - 16:35

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Heidi Rongved	AP	

Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland,
Poltisk sekretær Lin Tove Thomassen

Fjernmøte

Møtet vart gjennomført som fjernmøte, med heimel i kommunelova § 11-7 og vedtak i kommunestyret, sak 65/2020.

Ordførar og rådmann orienterte om status i smittevernarbeidet for innbyggjarar og tilsette i Vaksdal kommune.



Vaksdal kommune

Kommunen tilhører ein bu- og arbeidsregion med høg smitte.

Ordfører og rådmann har i dag vore i møte med Helseminister Bent Høie, møte med Fylkesmannen i Vestland, samt gjennomført møter i den kommunal kriseleiinga. Etter fullmakter gjeve til kommunelege, vert det utarbeidd ei lokal forskrift for tiltak som vil gjelde i to til fire veker fram i tid. Det er eit uttrykt ønskje frå Helseministeren, Fylkesmannen, samt rådmenn og ordfører i regionen, om å så langt som mogleg ha dei same begreningane.

Formannskapet drøfta situasjonen og kom med innspel til potensielle tiltak og forskrifta.

Politiske møter i veke 46 vil bli gjennomført som fjernmøter.

Formannskapet var positivt til eit nytt ekstraordinært fjernmøte i morgon dersom ordfører vurderte at det var behov for det.